Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 17.06.2021
Vår ref: 2019/11777
Dykkar dato:
Dykkar ref:

FJON BRUK AS
Flakkavågsvegen 12
5694 ONARHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon
Tom N Pedersen, 5557 2119

Rapport frå inspeksjon ved Fjon Bruk AS
Kontrollnummer: 2021.389.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Helge Daae, Kristian Råsberg, Malene Alsaker, Anders Mundal Haukås, Elisabeth Wintertun Julsrud

Frå Statsforvaltaren i Vestland:
Gunn Helen Henne og Tom N. Pedersen (kontrollørar), Kristine Hetlesæter (observatør)

Resultat frå inspeksjonen
Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Fjon Bruk AS sitt landbaserte akvakulturanlegg på lokaliteten Fjon i Sveio kommune den 10. juni 2021. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland ga 1 merknader under tilsynet:

- Merknad 1: Verksemda sin internkontroll kan forbetrast

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten.
Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Gunn Helen Henne
senioringeniør

Tom N. Pedersen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

- Sveio kommune

1 Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: Fjon Bruk AS	
Organisasjonsnr.:	**Eigd av:** Alsaker Fjordbruk AS
Bransjenr. (NACE-kode): 03.222 - Produksjon av yngel og settefisk i ferskvannsbasert akvakultur	

Kontrollert eining

Namn: Fjon settefisk	**Anleggsnr.:** 4612.0015.02
Kommune: Sveio	**Fylke:** Vestland
Anleggsaktivitet: Laksefiskproduksjon på land	
Løyve gitt: 22.06.2012	**Sist endra:** 18.01.2021

2 Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen inngår i Statsforvaltaren sin aksjon for landbaserte akvakulturanlegg i 2021.

Utsleppsløyva som er gitt til landbasert produksjon av settefisk, postsmolt og matfisk dei siste åra, har krav om reinsing og rapportering av utslepp til Statsforvaltaren. I 2020 og 2021 har Statsforvaltaren ført tilsyn med utsleppsrapporteringa hjå fleire anlegg. Første trinn var å etterlyse rapporteringa som skal gjerast innan 1. mars kvart år. Inspeksjon ved eit utval av anlegga er eit neste trinn av kvalitetssikringa av dei data som vart rapporterte.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Utsleppsløyvet, vilkår om utslepp og reinsing
- Internkontroll
- Slamhandtering

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

- **Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.
- **Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.
- **Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til

tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3 Oppfølging etter inspeksjonen

Fjon Bruk AS fekk ein merknad under tilsynet og treng ikkje gje attendemelding til Statsforvaltaren.

Vi ser med dette på oppfølginga etter inspeksjonen som avslutta.

4 Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 30. april 2021. Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta § 39-7.

På bakgrunn av vår ressursbruk må Fjon Bruk AS betale eit gebyr på **kr 20 300,-** for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett
Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5 Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova). Inspeksjonsrapportar blir også tilgjengelege på Miljødirektoratet sin database Norske utslipp på www.norskeutslipp.no.

6 Merknader

Vi fann følgjande merknad under tilsynet:

Merknad 1: Verksemda sin internkontroll kan forbetrast

Miljømål
Fjon Bruk har sett mål for ytre miljø, men nokre av punkta er ikkje kontrollerbare. Dette gjeld t.d. mål om utslepp av lukt, der målet har sitert kravet i løyvet. Kravet i løyvet er at nabo ikkje skal plagast meir enn eit visst tal dagar i året. Fjon Bruk bør i staden konkretisert målet som null naboklager på lukt.

Måleprogram for utslepp
Under tilsynet kom det fram at Fjon Bruk AS hadde hatt problem med å berekne total mengde slam. Fjon Bruk AS meinte sjølv at estimatet for mengd slam var for høgt.

Prøvetakinga og analysar av slammet synte stor variasjon i resultat, og nokre av resultata var utelate i rapporteringa til Statsforvaltaren, medan andre frå same prøve og måletidspunkt var inkludert.

Rapportane vi har fått inn syner at det er store variasjonar i målingane av N, P og TOC i tørrstoffet i slammet. Av dei 33 rapportane vi har fått inn har Fjon Bruk rapportert det høgaste innhaldet av fosfor i slammet, jf. figur synt under punkt 8 .

Fjon Bruk AS bør kvalitetssikre måleprogrammet dei har for rapportering av utslepp.

7 Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Verksemda sitt løyve etter forureiningslova
- *Forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta), kapittel 20 om avfallsplanar i hamner

8 Andre tilhøve

Spørsmål til Statsforvaltaren om mogleg utslepp frå Fjon
Statsforvaltaren fekk spørsmål frå nabo til Fjon Bruk om observasjonar av mogleg forureining (dokumentert med foto) kunne kome frå settefiskanlegget. Statsforvaltaren hadde gitt tilbakemelding om at det som vart observert truleg hadde naturlege forklaringar.

Fjon Bruk kunne syne (med foto) til liknande observasjonar ved demninga i Vigdarvatnet. Statsforvaltaren ser ingen grunn til å forfølge den saka vidare.

Om grensene for utslepp som er sett i løyva til landbaserte akvakulturanlegg i Vestland

Utsleppsløyvet er tufta på opplysningar gitt i søknad og på eksisterande kunnskapsgrunnlag då løyvet vart gitt. Statsforvaltaren arbeider med kunnskapsinnhenting og standardisering av utrekning av utslepp og utrekning effekten av reinsetiltaka. Vi ser i dag at det er mange utsleppsløyve som må endrast. Både næringa og miljøforvaltinga opparbeider kunnskap som gjer det mogleg å setje meir realistiske grenser i utsleppsløyva og ha meir realistiske forventningar til effekten av reinsetiltaka.

Dei utsleppsrapportane vi har fått inn i denne tilsynsaksjonen syner at det ikkje er mogleg å få til så store utsleppsreduksjonar som føresett i løyva til ein del av dei landbaserte anlegga i fylket. Verksemdene har ansvar for å søke om endringar i løyvet dersom dei ikkje kan innfri dei krava som er sette i løyvet. Vi føreset ein vidare dialog med alle verksemdene om dette, etter at tilsynsaksjonen er ferdig.

Utsleppsløyvet til Fjon Bruk AS

Utsleppsløyvet vart gitt i 2012. Det er få vilkår knytt til løyvet, samstundes som det har skjedd mykje i næringa og forvaltninga i løpet av desse åra. Løyvet treng fornying, noko Statsforvaltaren har høve til neste år, slik vi kan gjere med alle løyve som er eldre enn 10 år, jf. forureiningslova § 18, tredje ledd.

Om rapportering av utslepp

Statsforvaltaren i Vestland har fått inn 33 rapportar frå 16 verksemder. Som synt i figur 1 (denne vart truleg ikkje synt under tilsynet) ligg resultata frå Fjon Bruk i ytterkant av den spreiinga som resultat av ulike måleresultat.



***Figur 1**: Rapportert reinseeffekt i rapporteringa til Statsforvaltaren. Her ligg resultata frå Fjon, markert med grøn ring, høgast av alle rapportane vi har fått.*

Om utrekningar av utslepp baserte på målingar i avløpsvatnet vs. målingar i slammet

I eldre løyve har vilkåra om utsleppsreduksjon vore knytt opp mot prosentvis reduksjon av partiklar og organisk stoff og målingar i avløpet, medan i nyare løyve har vilkåra vore knytt opp mot massebalanse for N, P og TOC og målingar i slammet. Begge metodane har sine styrkar og svakheiter, og gir ganske ulike resultat når ein skal rekne på totalutslepp og reinseeffekten for utsleppa. Målingar i avløpsvatnet av låge konsentrasjonar av næringssalt og partiklar gir stort rom for usikkerheit i storleiken for totalutsleppa, ettersom måleresultata skal multipliserast opp med store vassvolum. Statsforvaltaren har dei siste åra kravd rapportering basert på målingar i slammet, ettersom det er eit meir handfast prov på at ei viss mengd avfallsstoff har blitt reinsa ut frå avløpet,

framfor å bli sleppt ut til miljøet. Anlegg som har krav i løyvet om å dokumentere utsleppsreduksjonen med målingar i avløpsvatnet, må likevel også måle i slammet for å kunne rapportere ut frå mengd slam. Vi gjer merksam på at vilkåra i utsleppsløyva formelt sett gjeld til dei vert endra. Dei anlegga som ikkje ønskjer å halde fram med å måle «dobbelt», har høve til å søkje om endring av løyvet til å bli i samsvar med dagens rapporteringskrav.